

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 16.03.2011, kl.15.15
Møtestad: Sykkylven Rådhus.

Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Desse møtte:

Rolf Bergmann, Torild Hole og Steinar Myrseth
=3 voterande

Frå Sykkylven kommune møtte varaordførar Odd Jostein Drotninghaug, rådmann Lillestøl, kommunalsjef Flacke og økonomisjef Bergstrøm i sak 05/11.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvarmen.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen, revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei og revisjonsrådgjevar Kurt Løvoll.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 04/11
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 23. FEBRUAR 2011**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 23. februar 2011 blir godkjent.

**SAK 05/11
NUMMERERT BREV NR. 01/2011 FRÅ KOMMUNEREVISJONEN OM
GJELDSFORVALTNING I SYKKYLVEN KOMMUNE**

Saka var ei vidareføring av sak 02/11 og det vart gjort ei omfattande utspørjing av administrasjonen i møtet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Før endeleg behandling av saka vil kontrollutvalet ha seg førelagt ei vurdering av korleis konkurranseutsettinga av finansielle instrument som bruk av renteswapavtalar og swapsjonar er gjennomført.
2. Med utgangspunkt i m.a. brevet frå Nordea Bank datert 11. mars 2011 vil kontrollutvalet også ha seg førelagt ei vurdering av om rådmannen i Sykkylven kommune, samla sett i si saksbehandling, har handla innanfor sine fullmakter.
3. Kontrollutvalet vil vidare få vurdert om banken har oppfylt sine forpliktingar når det gjeld informasjon til kommunen som følge av kundeklassifisering og om resultatet av kundeklassifiseringa i forkant av at avtalane vart gjort.

SAK 06/11**AVLØPSGEBYR OG TILHØVET TIL SAKSBEHANDLING, LOV OM FORELDING M.M.**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 21.02.2011.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. I sum finn kontrollutvalet at kommunen sin svake interne kontroll i forhold til påkopling og seinare oppfølging vedkomande abonnentane på Vik med fleire er kritikkverdige.
2. På bakgrunn av forhold som: 3-5 årsregelen for framføring av underskot, tilbakeføring av midlar til sjølvkostfondet, foreldingsproblematikk og eige-domsskattelova samt kommunen si manglande oppfølging av abonnentane på Vik over tid, vil kontrollutvalet tilrå at kommunestyret vurderer problematikken vedkomande forelding og tap av inntekter og at det beløpet som avløpsområdet har til gode frå kommunen blir godskreve avløpsområdet. Meirverdiavgift må bli gjort opp i samsvar med lovpålagt omsetning.
3. Lokale forskrifter bør gjennomgåast med tanke på klarlegging.
4. Kontrollutvalet vil ha tilbakemelding om kva kommunen har gjort med denne saka innan 15. september.
5. Saka blir å legge fram for kommunestyret.

SAK 07/11**OM SPELEMIDLAR TIL TAK I STORHALLEN**

Saksutgreiing datert 07.03.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet finn det uheldig at kunnskap om tilskotsordninga for spelemidlar ikkje har vore god nok og at kommunen av den grunn ikkje hadde god nok planlegging av prosjektet slik at spelemidlar kunne tildelast kommunen.

SAK 08/11

TALET PÅ MEDLEM I KONTROLLUTVALET

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 07.03.2011

Kontrollutvalet sitt samrøystes innstilling:

Frå og med valperioden 2011 til 2015 skal kontrollutvalet i Sykkylven kommune ha 5 medlem

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Torild Hole
medlem
(sign.)

Steinar Myrseht
medlem
(sign.)